

Svar på grunngeve spørsmål om kjønn og likebehandling i karaktersetjing

Sigmund Larsen (FrP) har stilt to spørsmål som gjeld kjønn og likebehandling i karaktersetjing i ungdomsskulen, underforstått at gutar får dårlegare karakterar enn jenter, noko som vil vere ein systematisk forskjellsbehandling. Styrka til den norske fellesskulen er at den skal gi alle barn høve til å lukkast uavhengig av bakgrunn, kjønn og kognitive og fysiske forskjellar. Så det er ei viktig problemstilling representanten Larsen tar opp.

Nasjonale prøver blir på ungdomsskulen gjennomført på 8. og 9. trinn, men ikkje i faget engelsk på 9. trinn. Årskulla som deltok på nasjonale prøver hausten 2018 har enno ikkje fått standpunktkarakter.

Det siste årskullet som har gjennomført nasjonale prøver på ungdomsskulen, og fått standpunktkarakter er vist i tabellar under. Desse elevane gjennomførte nasjonale prøver på 8. trinn hausten 2015, på 9. trinn hausten 2016 og fekk standpunktkarakter etter avslutta grunnskule våren 2018. For dette kullet viser tala både frå nasjonale prøver og standpunktkarakter at gutane presterer dårlegare enn jentene på dei fleste fagområda.

Hausten 2019 skal det leggjast fram ei stortingsmelding om tidleg innsats og inkluderande fellesskap. Denne meldinga skal blant anna følgja opp og vurdere Stoltenberg-utvalet sin rapport levert 1. februar 2019 om kjønnsforskjellar i skulen (NOU 2019: 3 *Nye sjansar - bedre læring*). Utvalet skulle samla kunnskap om kvifor kjønnsforskjellar i skulen oppstår, og komma med forslag til tiltak som kan motverka slike forskjellar.

Rapporten viser til at det er store systematiske kjønnsforskjellar i utdaningsløpet i dag. Kjønnsforskjellane i lesing og rekning er små i starten av grunnskulen, men utviklar seg deretter i favør jenter særleg i tenåra. Ein gut har i gjennomsnitt mellom sju og ni karakterar på vitnemålet som er lågare enn det ei jente i gjennomsnitt har. Nasjonalt er det berre i kroppsøvingfaget gutar gjer det betre enn jenter etter avslutta grunnskule. Årsakene til denne utviklinga er ikkje godt nok kjent, og utvalet meiner ein i mykje større grad må nytte systematisk kunnskap for å utvikle kvaliteten til barna i utdanningsløpet og forstå kvifor kjønnsforskjellar oppstår.

Forskinga tyder på at jenter og gutter presterer ulikt på ulike områder i skulen. Utvalet meiner at dei vala ein i dag kan gjera på ungdomsskulen ikkje tar nok omsyn til at jenter og gutter kan ha svært ulike interesser. Særleg er det i vurderingssystemet ein i dag har ei ulempe for gutar.

For å betre skulen sitt innhald og organisering foreslår Stoltenberg-utvalet m.a. å:

- Innføre krav om at ungdomsskulane må tilby minst fem valfag.
- Innføre rutinekrav for fastsetting av standpunktkarakterar, og stille strengare krav til utforming og utprøving av eksamenskarakterar.
- Innføre poengberekning av standpunkt- og eksamenskarakterar på vitnemålet.

Stortingsmeldinga som er venta i haust, skal følgja opp og vurdere forslaga i Stoltenberg-rapporten. Dei kjønnsforskjellane ein ser i Meland-skulen i dag knytt til vurderingssystemet, er lik dei utfordringane ein møter i utdanningsløpet i heile skule-Norge. Og dei tiltaka som er venta å kome i haust, vil danne grunnlag for korleis ein skal motverka skilnadane og for elevane i Meland kommune.

Resultat nasjonale prøvar Meland 2015 (8. trinn)

Engelsk		Lesing		Rekning	
Gut	Jente	Gut	Jente	Gut	Jente
48	50	48	51	48	49

Kjelde: Nasjonale prøvar analyse resultat

Resultat nasjonale prøvar Meland 2016 (9. trinn)

Engelsk		Lesing		Rekning	
Gut	Jente	Gut	Jente	Gut	Jente
-	-	52	55	53	52

Kjelde: Nasjonale prøvar analyse resultat

Standpunktkarakter

<i>Kan innehalde data under publiseringsgrensa</i>			
Skoleporten - Standpunktkarakterar			
Eining: Meland kommune			
Meland kommune, Grunnskule, Standpunktkarakterar, Alle eigarformer, 2017-2018, Trinn 10			
Indikator og nøkkeltall	Begge kjønn	Gutar	Jenter
Engelsk skriftleg standpunkt	4,1	3,9	4,4
Engelsk munnleg standpunkt	4,4	4,2	4,6
Spansk 1 standpunkt	4,3	4,0	4,5
Tysk 1 standpunkt	4,0	.	.
Kunst og handverk standpunkt	4,6	4,4	4,7
Kroppsøving	4,8	5,0	4,6
Matematikk standpunkt	3,6	3,6	3,6
Mat og helse standpunkt	4,7	4,4	4,9
Musikk standpunkt	4,8	4,6	5,0
Naturfag standpunkt	4,2	4,2	4,3
Norsk hovudmål standpunkt	3,8	3,5	4,2
Norsk sidemål standpunkt	3,9	3,6	4,2
Norsk munnleg standpunkt	4,0	3,7	4,3
Kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE) standpunkt	4,6	4,3	4,9
Samfunnsfag standpunkt	4,6	4,5	4,7

Frekhaug, 19.6.2019

Øyvind H Oddekalv
ordførar